



## RAPPORT

### Kartlegging av kommunelegefunksjonen i Vestland

Tal kommunar i fylket: 43

Tal svar: 43

#### Innleiande kommentarar frå Fylkesmannen i Vestland

Det er stor variasjon i stillingsprosent for kommunelegefunksjonen i kommunane i Vestland. Nokre av skilnadane er naturlege ut frå storleiken på kommunane, men det er òg stor skilnadar mellom kommunar som er like store.


Vi ser at det er stor skilnad i kva vaktsystem kommunane har, og om det er peika ut vara til stillinga eller ikkje. Vi er kjent med at det er godt samarbeid mellom kommunane på mange område, men registrer at det berre ti kommunar som melder om formelle eller uformelle vaktarbeid.

Eit positivt funn i kartlegginga er at heile 37 av kommunane har kommunelegar som har fullført eller påbegynt spesialisering i samfunnsmedisin.

Dei fleste av kommunane i fylket seier at dei ikkje har hatt tilstrekkeleg kapasitet i kommunelegeressursen under handteringa av pandemien, og at det har ført til stor belastning det siste halve året. Åtte kommunar melder om at dei ser at det òg i ein normalsituasjon er for liten kapasitet i stillinga til kommunelegen.




## Samanstilling - kommunelegar i kvar kommune fordelt på kommunestorleik



Dei fleste kommunane, uansett storleik, rapporterer om at det er éin person som har kommunelegeansvaret.

## Samla stillingsprosent for kommunelegefunksjonen





Det er stor skilnad på stillingsbrøken i dei ulike kommunane.

Bergen kommune, som er den einaste kommunen i Vestland med over 50 000 innbyggjarar, har fem personar i 100% stillingar. I tillegg har kommunen ca. ein 100% stilling som vert delt mellom fleire legar i mindre stillingsbrøkar.

Éin kommune melder om at dei har ei 2% stilling som kommuneoverlege og at denne for tida er vakant. Samstundes informerer dei om at dei har styrka smittevernlegefunksjonen ved å ekstern leige i inntil 35 % stilling. Denne stillinga var ikkje rapportert inn i stillingsprosent og kjem difor i tillegg. Det er difor litt uklart kor stor stillingsprosenten til kommunelege med smittevernansvar er til vanleg.


Det er 10 kommunar som har mellom 20 % og 39 % stilling , 17 kommunar som har mellom 40 % og 69 % stilling og 15 kommunar som har over 100 % stilling.



For å gjøre oversynet mogleg å lese, har vi tatt ut Bergen kommune (har til saman 600 % stilling). Bergen kommune sin stillingsprosent er inkludert i gjennomsnittet, som er på 96 %.




## Styrking av kommunelegefunksjonen i samband med pandemien



Fire av kommunane melder om at dei har gjort ein permanent auke i kommunelegestillinga, 28 kommunar har gjort ein mellombels auke, medan 11 kommunar ikkje har auka opp.

Vi ser at fleire kommunar har meldt tilbake fast stillingsprosent i rapporteringa, men at denne i realiteten har vore mykje høgare under handteringa av pandemien. Fleire kommunar informerer om at kommunelegen(ane) har blitt frikjøpt frå til dømes fastlegestilling, og difor har arbeidt 100 % i kommunelegestillinga(ne) under pandemien.

## Vara/avløysar for kommuneoverlegefunksjonen




23 av kommunane rapporterer om at dei har utpekt vara for kommunelegen, medan seks berre har ei delvis varaordning (det gjeld i hovudsak berre for smittevernansvaret).

14 kommunar oppgjer at dei ikkje har peika ut ein vara.




## Tilgjenge for kommunelegefunksjonen utover normal arbeidstid

Formell vaktordning for kommunelegen



10 av kommunane informerer om at vakt inngår i arbeidsavtalen, og tre seier det er avtale om beredskapstillegg. 30 kommunar har huka av for anna løysing. Av desse informerer fleire om interkommunalt vaksamarbeid (formelt eller uformelt) og mange viser til at det er uformelle avtalar om å vere tilgjengeleg utanom arbeidstid.

Interkommunalt vaksamarbeid




Berre 10 kommunar melder om interkommunale vaksamarbeid. Fire kommunar melder om formelt interkommunalt vaksamarbeid og seks kommunar har uformelle samarbeid. Dei resterande 33 samarbeider ikkje på tvers av kommunegrenser om vaktordningar.


Fleire av kommunane skriv at dei ser at det kanskje bør opprettast interkommunalt samarbeid knytt til kommunelegestillinga



## Tilleggskompetanse og erfaring




Dei fleste av kommunalegane i Vestland har (20) eller har påbegynt (17) spesialisering i samfunnsmedisin.



Det går fram av kartlegginga at 32 av kommunane har minst éin kommunelege med lang erfaring. Ni har middels og berre to rapporterer om kort erfaring.



## Kontinuitetsplan



Heile 28 av kommunane rapporterer at dei ikkje har ein kontinuitetsplan for kommunelegefunksjonen. Berre seks kommunar har ein eigen plan, eller som del av ein større plan. Tre kommunar arbeider med å få på plass ein plan. Seks kommunar viser til at dei har ei vaktordning kor dette vert ivareteke.

## Kommunane sine eigne vurderingar av kommunelegeressursen

Spørsmåla i undersøkinga er stilt på ein slik måte at det ikkje er mogleg å nytte tilbakemeldingane i det føreslegne diagrammet.

Her er difor ei skriftleg oppsummering av tilbakemeldingane frå kommunane:

- Det har vore stor belastning på kommunelegefunksjonen det siste halve året.
- Ca.  $\frac{3}{4}$  av kommunane i Vestland melder om at dei ikkje har tilstrekkeleg kapasitet i stillinga.
- Vi tolkar tilbakemeldingane slik at dette i liten grad har påverka handteringen i kommunane, men det har ført til ei stor arbeidsbelastning på enkeltpersonar og gått ut over andre oppgåver som komunelegane har.
- Enkelte seier at det har gått greitt så langt, men at det truleg er fordi dei ikkje har måtte handtere større lokale smitteutbrot.
- Den siste fjerdedelen melder at dei har hatt tilstrekkeleg kapasitet så langt i pandemien. Rundt halvparten av kommunane rapporterer at dei ved vanleg drift har tilstrekkeleg kapasitet, medan 8 kommunar understrekar at dei òg ved vanleg drift har for små



stillingsprosentar til å handtere arbeidsoppgåvene som fell inn under kommunelegestillinga.

- Ein av dei tre kommunane som inngår i eit interkommunalt samarbeid om kommunelegefunksjonen i Indre Sogn seier at dei ser at det er krevjande å dele på ein slik ressurs når ein står oppe i ein så krevjande situasjon som å handtere ein pandemi. Enkelte av kommunane peiker på utfordringar knytt til økonomi og utfordringar med rekruttering som ei årsak til at dei har mindre stillingsprosentar enn dei ønskjer.